

Retningslinjer for godkjenning av lære-/opplæringskontraktar etter vedtak i hovudutvalet for opplæring sak 23/15.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som målsetting å auka gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Denne målsettinga er forankra i målekartet til fylkeskommunen og i mål og strategidokumentet « God – betre – best».

Overgangen frå vg2 i skule til vg3 i bedrift er kritisk for om elevane på yrkesfag gjennomfører opplæringa. Elevane har rett til å få fullført opplæringa gjennom:

Ungdomsrett: Ungdommen har rett til tre års vidaregåande opplæring i løpet av ein samanhengane periode på fem år når opplæringa førgår i skule, og seks år når heile eller deler av opplæringa førgår i bedrift. Opplæringa må vera fullført innan utgangen av det året søkaren fyller 24 år.

Vaksenrett: Vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare, har rett til vidaregåande opplæring frå og med det året dei fyller 25 år.

Fullføringsrett: Vaksne utan rett som er tekne inn i vidaregåande opplæring, har rett til å fullføre opplæringa.

Prioritert rekkefølge på lærekontraktar i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen praktiserer godkjenning av lærekontraktar i tråd med lover og forskrifter.

I forskrifta til opplæringslova kapittel 6 «Inntak til vidaregåande opplæring» står det i § 6-29 siste ledd: «*Søkjar som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 og § 4A-3, skal takast inn etter søkjar med rett*».

I samsvar med vedtak i hovudutval for opplæring, sak 23/15, skal godkjenning av lærekontraktar for dei som søker læreplass gjerast etter følgjande prioritering:

1. Søkjarar med ungdomsrett, vaksenrett og fullføringsrett innan 1.september.
2. Søkjarar som er 24 år eller yngre og som har brukt retten til vidaregåande opplæring, men ikkje har oppnådd sluttkompetanse.
3. Søkjarar til læreplass utan rett.

Rettsøklarar sine kontraktar skal handsamast fortløpande.

Opplæringskontrakt kan godkjennast kunn for dei med ungdomsrett og vaksenrett.

Søknader om godkjenning av lærekontraktar der det er direkte avtale mellom opplæringskontor/bedrift og lærling blir handsama etter prioriteringsrekkefølga.